

Ny energiforsking: Ny teknologi kan auke nettkapasiteten og gi store innsparingar

Ein ny effektstudie viser at energiforsking kan gi store samfunnsøkonomiske gevinstar. Studien viser mellom anna korleis ny teknologi kan redusere behovet for investeringar i straumnett og samtidig skape nye inntekter for norsk næringsliv. – Dette viser at det lønner seg å satse på energiforsking, seier energiminister Terje Aasland.

PUBLISERT 16. MAI 2025 | OPPDATERT 5. JUN. 2025

Energiminister Terje Aasland saman med Eva Irene Falleth – områdedirektør berekraftig samfunnsutvikling i Forskningsrådet og Jørgen Festervoll – administrerande direktør i Heimdall Power. Foto: Stine Grimsrud / Energidepartementet

Ein av forskingscasane i studien, utarbeidd av Menon Economics og Multiconsult, er Dynamic Line Rating (DLR) som er utvikla i samarbeid mellom FME CINELDI, Heimdall Power og seks nettselskap. Teknologien, som i dag vart presentert for energiministeren, gir nettselskap informasjon i sanntid frå sensorar installerte på straumlinjene og kan auke nettkapasiteten med opptil 20 prosent og redusere behovet for nye investeringar. Dette prosjektet åleine kan gi mellom 6,7 og 133 milliardar kroner i reduserte kostnader og opptil 16,6 milliardar i inntekter til norske teknologileverandørar i perioden 2025–2035.

– Det er utruleg gledeleg å sjå at pengane vi investerer i forking faktisk gir så mykje tilbake til samfunnet. Ikkje berre i form av økonomisk gevinst, men også gjennom betre energitryggleik, nye jobbar og viktig kompetanse til energibransjen. Teknologiar som Heimdall Powers sensorsystem for straumnett gjer det mogleg å utnytte kapasiteten betre og kutte kostnader. Dette er eit godt døme på korleis vi kan løyse energiutfordringane smartare og raskare, seier energiminister Terje Aasland.

Studien evaluerer effektane av 60 forskingscasar delfinansierte av Forskningsrådet i perioden 2016–2025. Seks av casane er analyserte i djupna og viser ei mogleg samfunnsøkonomisk lønnsemd på mellom 9 og 36 milliardar kroner, der 5 milliardar allereie er realiserte.

Studien omfattar også ei vurdering av FME-ordninga ved å studere dei ni forskingssentera for miljøvennleg energi (FME), som dekkjer område som vasskraft, vind, sol, biodrivstoff, bygg, industri, transport, energisystem og CO₂-handtering. Sentera bidreg til robuste energisystem gjennom viktige eigenskapar som gode samarbeidsarenaer, eit langsiktig perspektiv og dei fremjar eit heilskapsperspektiv og tverrfaglegheit. Sentera har bidrege til stor rekruttering av master- og Phd-studentar, publisering av forking på høgt nivå og omfattande internasjonalt samarbeid.

– Eg er svært glad for at rapporten så tydeleg viser verdien av å investere i forking som spelar ei viktig rolle i å omstille Noreg og verda til eit netto nullutsleppssamfunn. I tillegg viser rapporten at der er samfunnsøkonomisk lønnsamt å investere i desse sentera, der dei beste norske forskingsmiljøa jobbar saman med næringslivet og offentleg sektor. Rapporten vi no har fått viser at desse miljøa saman dannar forskings- og innovasjonssenter i internasjonal toppklasse på viktige område der energilandet Noreg er heilt i front, seier administrerande direktør i Forskningsrådet Mari Sundli Tveit.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 6. juni 2025, kl. 11.32 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.